

Oppsummering av skulemålsmøtet i Bergen tysdag 18.august:

Deltakarar:

John Opdal – ordførar i Odda – ynskta velkomen og gav eit bakgrunnsteppe for møtet

Marit Aakre Tennø – leiar i Noregs Mållag – innleidde

Helga Mannsåker – doktorgradsstipendiat i norsk – innleidde

Inge Reinsnos – lærar på Odda ungdomsskole – innleidde

Liva Thiis – elev på Odda ungdomsskole 2012 til 2015 – innleidde

Arild Reigstad – engasjert for nynorsk skulemål, bur i Arna – innleidde

Vigleik Brekke – informasjonsmedarbeidar i Fjell kommune var ordstyrar

I panelet sat:

Anne Gine Hestetun – fylkesordførarkandidat for Arbeidarpartiet

Erik Skutle – stortingsrepresentant for Høgre

Helge Andre Njåstad – stortingsrepresentant for Framstegspartiet/ leiar av kommunalkomiteen

Pål Kårbø – fylkesordførarkandidat for Kristeleg Folkeparti

Alexander Fosse Andersen – fylkestingsrepresentant for Senterpartiet

Njål Neckelmann – bystyrekandidat for Venstre

Aud Karin Oen – fylkestingsrepresentant for Sosialistisk Venstreparti

Tom Sverre Tomren – fylkestingsrepresentant for Miljøpartiet Dei Grøne

Terje Kollbotn – fylkestingskandidat for partiet Raudt

Talet på frammøtte: 74

Møtet varde frå 18.00 til 21.00 med matøkt frå 19.00 til 19.20

Politikarane vart utfordra på Oddamodellen, sidemålsstilen og språkbruksplanar, men med vekt på det første punktet.

Ordførar i Odda John Opdal orienterte om Oddamodellen; språkdelinga på ungdomssteget. Han sa at den årlege meirkostnaden for Odda kommune no er 1,5 millionar, men at det kan svinga alt etter korleis det passar med delinga av klassane.

Helge Andre Njåstad viste til ein merknad som han hadde fått gjennomslag for då Stortinget handsama kommuneproposisjonen. I merknaden bad fleirtalet (Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti) regjeringa om å «vurdera tiltak for å styrkja nynorsken og å likestilla ungdomsskule og barneskule med tanke på retten til opplæring på eige språk og koma tilbake til Stortinget på eigna måte om det».

Erik Skutle var uroleg for utgiftene med Oddamodellen medan Helge Andre Njåstad såg for seg relativt store kostnader med å administrera Oddamodellen.

Erik Skutle nemnde at dyslektikarar og folk med innvandrarbakgrunn er fritekne frå sidemålsundervisning. Han sa at Høgre arbeider for valfritt sidemål både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.

Aud Karin Oen nemnde at halvparten av elevane på ungdomsskulen i Øygarden har valt bokmål som hovudmål. På barnesteget får alle opplæring på nynorsk.

Gry Vikersland fortalde at talet på elevar i ein nynorskklasser på Minde vart redusert frå 9 til 5 ved overgang til ungdomssteget og deretter vart desse 5 nynorskelevane spreidde på 4 klassar på ungdomsskulen, noko ho stilte seg sterkt kritisk til med tilvising til skulen si samfunnsoppgåve : Å gjera elevane til trygge og kompetente språkbrukarar.

Astrid Helene Olsen, leiar i Hordaland Mållag, meinte Oddamodellen hadde vist at han hindra målbyte.

Pål Kårbø hadde merkt seg det Helga Mannsåker sa om skulen si samfunnsoppgåve : å gjera elevane – og her særleg nynorskelevane - til trygge og sikre målbrukarar i eit trygt læringsmiljø.

Marit Aakre Tennø sa at framgangen til nynorsk i grunnskulen på Vestlandet kanskje var ein del av eit meir allment utviklingstrekk: Nynorsk skulemål går fram ikkje berre i Odda, men og i Måløy, Flora, Høyanger og Sauda.

Arild Reigstad sa at det nasjonale regelverket vert aktivt og medvite brote i Arna sidan nynorskelevar går saman med bokmålslevar på barnesteget i Arna.

Frå Odda møtte:

John Opdal – ordførar

Terje Kollbotn – medlem av Odda kommunestyre og formannskap

Harald Jordal – kommunesekretær i Odda og skrivar i Odda Mållag

Marit Bleie Mannsåker – kasserar i Odda Mållag

Solveig Grønlien – nestleiar i Hordaland Mållag og styremedlem i Odda Mållag

Gry Folkvord – styremedlem i Odda Mållag

Muriel Folkvord – elev i tiande klasse på Odda ungdomsskole

Liva Thiis – elev på Odda vidaregåande skule og medlem i styret for Sørfjorden Målungdom. Medlem av sendelaget som møtte Hordalandsbenken på Stortinget 2.juni 2015.

Inge Reinsnos – lærar på Odda ungdomsskole

Knut O. Dale – leiar i Odda Mållag

Helga Mannsåker – frå Odda men bur i Bergen

Odda 08.09.15

Knut O. Dale og Harald Jordal gjorde denne oppsummeringa